

Hordaland fylkeskommune

24 APR 2018

Fylkeskommunen
Britt Karen Spjeld

Bergen, 19. april 2018

Årsrapport frå Bergen og Hordaland Turlag

2017 vart eit svært godt år for Turlaget. Vi er takksame for den økonomiske støtta og merksemda vi får frå Hordaland fylkeskommune i høve arbeidet i Turlaget.

Vi kunne telle opp over 90 000 timar frivillige (51 årsverk), ulønna arbeid innan merking av turstiar, drift av flotte turlagshytter, aktivitetar med fokus på å inkludera og skape meistring for alle. Og sjølvsagt ei rekkje fantastiske tillitsvalde. Dette er ei auke dei siste åra på over 60% (sml. 2013).

Samstundes som lysta og innsatsen aukar i frivilligheita, vert tilboda styrka, særleg nær der folk bur. Vi bikka i 2017 30 000 medlemmar i Turlaget over heile fylket. Dette er ei auke over dei siste fem åra på over 20% (sml. 2013).

Vi er no 17 faste tilsette i Turlaget og ser at vi ved å styrke tilrettelegging og koordinering har høve til å sette enda fleire frivillige i sving. Det er særleg innan tilbod til barn og unge det er ønskje om å sette i gang mykje aktivitet, og her er det naudsynt med støtte frå ein administrasjon. Vi kan lova at driftsstøtte, forutsibar og langsiktig, bidrar til at organisasjonen fer gode vekstvilkår.

Vi vil avslutte med å vise til ny forskning i regi av Folkehelsedirektoratet (2017) «Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet» (rapport nr. 3 (2017), revisjon av rapportar frå 2011 og 2012).

Rapporten frå Folkehelsedirektoratet peiker mellom anna på følgjande tilråding; «Det at deltakelsen øker i friluftslivsaktiviteter og uorganisert trening, mens deltakelse i organisert trening er i stagnasjon eller tilbakegang, gjør at det bør gis støtte til et bredere spektrum av frivillige organisasjoner, blant annet slike som tilrettelegger for friluftsliv og breddeaktiviteter».

«De sosiale forskjellene knyttet til fysisk aktivitet ser ut til å øke. Et unntak er friluftslivsaktiviteter som har en jevn fordeling både i forhold til egen utdannelse, foreldres

utdannelse, egen inntekt og husstandsinntekt. Prioritering av organisert idrett og tradisjonelle konkurranseanlegg bidrar til økte sosiale ulikheter i helse, spesialisering, mannsdominans og klasseforskjeller. En øket bruk av aktivitetsmidler til eldre, kvinner og lavere sosiale lag vil være god helsepolitikk og bidra til sosial utjevning.»

Vi ser fram til eit godt samarbeid vidare!



Helene Ødven
Daglig leiar,
Bergen og Hordaland Turlag

Mobil: 98 24 98 08

Vedlegg: Årsrapport 2017